

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg rom 463
Dato: 06.06.2024
Tidspunkt: kl. 14:30 - 16:30

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen
Åse Marie Myren

Forfall

Geir Stenseth

Møtande varamedlem

Randi Karin Asbjørnsen

Andre som møtte:

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA:

Oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen og forvaltningsrevisor Ola Godø Andresen, begge til og med sak 24/24.

Frå administrasjonen:

Økonomisjef Lars Fylling og kommunedirektør Steven Hasseldal, begge til og med sak 23/24.

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 22/24 Ålesund kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 Ålesund kommune
- PS 23/24 Revisor sin rapport frå årsoppgjeret 2023
- PS 24/24 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Ålesund kommune
- PS 25/24 Meldingar
- MS 10/24 Oppfølging av orientering om varslingsrutiner
- MS 11/24 Informasjon om bladet Kontroll og revisjon

PS 21/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 21/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

Behandling

Innleingsvis orienterte leiar om at han er kjent med at det skal vere sendt ein søknad til Statsforvaltaren om skjønnsmidlar til ulike prosjekt for vidare interkommunalt samarbeid. Det skal vere kommunane Molde, Kristiansund og Ålesund som har søkt, og vurdering/evaluering av kontrollutvalsekretariata er eit av områda som er tatt med i søknaden.

Denne søknaden er ikkje kontrollutvalet kjent med enno, og bad derfor kommunesdirektøren om ei orientering i møtet.

Kommunedirektøren orienterte kontrollutvalet om søknaden. Kontrollutalet takka for orienteringa.

Kontrollutvalet finn det rimeleg at utvalet fekk tilsendt ein slik søknad før den vart sendt, og ikkje måtte be om den i etterkant.

Søknaden vert sendt ut til medlemmane no i lag med protokollen.

Kontrollutvalet minner om at lovgivar er tydeleg på at det er kontrollutvalet som skal innstille til kommunestyret om kven som skal vere sekretariat og at dette myndet ikkje kan leggast til andre, til dømes kommunedirektøren. Jf. Kommunelova § 23-7 og Prop. 46 L (2017-2018) merknader til bestemmelsen.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 22/24 Ålesund kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 Ålesund kommune

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 22/24 Vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Ålesund kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Ålesund kommune.

Behandling

Økonomisjef Lars Fylling og oppdragsansvarleg revisor Linn G. Pettersen gav kontrollutvalet gode orienteringar.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Ålesund kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Ålesund kommune.

PS 23/24 Revisor sin rapport frå årsoppgjeret 2023

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 23/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter årsoppgjeret 2023 til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter årsoppgjeret 2023 til vitande.

PS 24/24 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Ålesund kommune

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 24/24 Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek dei framlagte rapportane frå risiko- og vesentleganalyse til vitande.
2. Kontrollutvalet vel ut følgjande område/tema for forvaltningsrevisjon:
 - Personalforvaltning og sjukefråvær
 - Digitalisering, digitale flater og kommunikasjon med innbyggjarane
 - Kommunale bustader, forvaltning (ÅKE) og tildeling

- Attvin AS, sjølvkost og bedrift
 - Helseplattformen AS og Ålesund kommune (i slutten av perioden)
 - Omstillingsarbeid innan helse og omsorg – mellomleiarnivå, kompetanse
3. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for eigarskapskontroll:
- Eigarstrategi og forvaltning knytt til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS
 - Eigarstrategi og forvaltning knytt til Sandøy energi AS
4. Kontrollutvalet bed sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027, til utvalsmøtet i september.

Behandling

Forvaltningsrevisor Ola Godø Andersen presenterte rapporten med fokus på dei område som revisjonen har funne med stor risiko og som er vesentlege. Kontrollutvalet drøfta rapporten og kom fram til nokre områder/tema som dei ynskjer vert lagt inn i planen. Leiar fremma forslag til vedtak på vegne av eit samla kontrollutval.

Nytt forslag med konkrete områder, foreslått av Svein Rune Johannessen:

1. Kontrollutvalet tek dei framlagte rapportane frå risiko- og vesentleganalyse til vitande.
2. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for forvaltningsrevisjon:
 - Personalforvaltning og sjukefråvær
 - Digitalisering, digitale flater og kommunikasjon med innbyggjarane
 - Kommunale bustader, forvaltning (ÅKE) og tildeling
 - Attvin AS, sjølvkost og bedrift
 - Helseplattformen AS og Ålesund kommune (i slutten av perioden)
 - Omstillingsarbeid innan helse og omsorg – mellomleiarnivå, kompetanse
3. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for eigarskapskontroll:
 - Eigarstrategi og forvaltning knytt til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS
 - Eigarstrategi og forvaltning knytt til Sandøy energi AS
4. Kontrollutvalet bed sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027, til utvalsmøtet i september.

Votering nytt forslag: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

1. Kontrollutvalet tek dei framlagte rapportane frå risiko- og vesentleganalyse til vitande.
2. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for forvaltningsrevisjon:
 - a)
 - b)
 - c)
 - d)

3. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder/tema for eigarskapskontroll:
 - a)
 - b)

4. Kontrollutvalet bed sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027, til utvalsmøtet i september.

PS 25/24 Meldingar

MS 10/24 Oppfølging av orientering om varslingsrutiner

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 10/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 11/24 Informasjon om bladet Kontroll og revisjon

Ålesund kontrollutval 06.06.2024

ÅKOU 11/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.